

# Referat frå styremøtet i Vestnes Sogelag, 2. oktober 2023

Tid: 02.10.23, kl. 18.00–19.30

Stad: Vestnes bibliotek

Til stades: Jørn Inge Frostad, Marit Gjermundnes, Liv Signy G. Hellen, Tore Tomren og Morten Øveraas

Gjest: Lars Sigmund Kleive

## Sakliste:

### 1) Lansering av årsskriftet

Tordis Sivertsen er for tida ute av spel grunna akutt sjukdom, men heldigvis er dei fleste artiklane klar til trykking. Jørn Inge Frostad trer midlertidig inn i leiarrolla i skriftstyret. Boka kjem frå trykkeriet 17. november, og lanseringa, med påfølgande pakkedugnad, blir 22. november kl. 18. Morten skal høyre om Per Bjørn om han kan ta eit overordna ansvar for pakkedugnaden.

I samband med lanseringa skal fleire av artikkelforfattarane skal presentere tekstane sine og Marit-Ellen Lund Salthammer skal syngje.

### 2) Fotokveld, Ljosvang, 19. oktober

Lars Sigmund Kleive og Jostein Bø har valt ut 50 bilde, og reknar med å bruke omlag to minutt på kvart bilde. Lars Sigmund skal høyre med Edmund Melkild om han kan skrive litt om kvart bilde. Lars Sigmund har dessutan ei plan om å vise møtelyden kor dei skal gå inn for å finne fylkesarkivet.

Morten skal innleie møtet, Lars Sigmund leiar ordet. Det blir kaffipause, med enkel servering av kake. Liv Signy lager kake og Morten kjøper inn kjeks. Morten vil promotere arrangementet på Sogelaget si Facebook-side, og i Vestnesavisa.

### 3) Kort om bygdebok

Digitalisering / scanning av eksisterande materiale/ primærkjelder er neste steg, men å ta på seg ansvar for å ferdigstille og gje ut bygdeboka vil vere for ambisiøst for sogelaget.

Me startar opp digitaliseringsarbeidet i januar.

### 4) Brovold-utstillinga

Opninga blir første veka i desember, noko som vil vere ein passeleg måte å markere Brovold sin 200-årsdag, 8. desember. Utstillinga vil bygge på Romsdalsmuseet si – med ymse originale bøker og bilde, m.m. Dei originale protokolldokumenta får sannsynlegvis Morten ikkje ta med seg. Morten opnar utstillinga med eit foredrag. Dessutan vil Einar Baltzersen truleg halde eit innlegg.

### 5) Støtte til mogleg musikal

Rolf M. Orø ønskjer, om han får stønad, å lage ein musikal om Hammeraas titulert «Ringer i vatnet». Sogelaget vil støtte denne søknaden – både fagleg og moralsk.

**6) Rekruttering**

Sogelaget må ha eit mål om medlemsvekst, og då må me nå fleire, særleg dei middelaldrande. Me bør kan hende bruke fleire sosiale medium for å promotere arrangementa til Sogelaget, og me må finne tema som vil vere relevante for fleire, t.d. musikkmiljøet på 80- og 90-talet, Vestnes si revy-historie og bilde av nyare dato frå Vestnesavisa og Budstikka.

**7) Forslag om mogleg nytt foredrag til neste år**

Hole og Halkjelsvik om historia om Vestnesavisa, med vekt på bilde frå dei første åra.

**8) Neste møte**

Vestnes bibliotek, onsdag 10. januar, kl. 19.

Vestnes, 2/10-23

Referent: Tore Tomren